



VEDLEGG 3

Tilsikta hendingar

- vurdering av risiko og sårbarheit



2 Store ulykker

2.1 Pågåande livstruande vald (PLIVO)

UØNSKA HENDING	NR.	18	NAMN	Pågåande livstruande vald (PLIVO)
<p>Skildring av hending: Denne hendinga omfattar både pågåande livstruande vald (PLIVO) og alle typar terroranslag mot kommunale eller private interesser i Sveio, t.d. skyteepisodar, bombetruslar, gisseltaking og sjølvmondsaksjon.</p> <p>Hendinga tek utgangspunkt i at ein person med våpen skyt elvar og lærarar på ein skule i Sveio.</p>				
<p>Medverkande faktorar: Dei fleste alvorlege skuleskytingane er hemnmotivert og i samheng med mobbing og utestenging på skulen.</p> <p>Fellestrekk ved skuleskytingshendingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Handlingane vert ofte utført av unge menn. • Er nøye planlagde og ofte meddelt på førehand. • Er eit uttrykk for frustrasjon, skuffelse, hat og sinne. • Inneber ofte både mord og sjølvmond. <p>Andre orsakar til andre typar terrorhandlingar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rasisme • Rus • Hemnmotiv • Psykisk sjukdom • Familiære årsaker • Politiske årsaker • Religiøse årsaker • Økonomiske årsaker • Samfunnsmessige årsaker (utvikling, trendar, haldningar, internettbruk) 		<p>Eksisterande tiltak og korleis dei fungerer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er etablert ein felles nasjonal prosedyre som regulerer handlingsmønsteret for politi, brann og helse i å handtere denne form for hendingar. Prosedyren vert øva på årleg. • Psykososialt kriseteam 		
<p>Samanliknbare hendingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulemassakren på Stoneman Douglas High School (2018). 17 personar drepen. • Massakren i Kauhajoki, Finland (2008). 10 drepen. • Kanebogen barneskule, Harstad (2009) – 9 år elev tok med seg ein enkeltløpet hagle, patronbelte med skarpskot til skulen. Eit skot vart avfyrt. Ingen vart skada. Årsak: konflikt med ein eldre elev. 				
SÅRBARHEITSAVALYSE				
<p>Er det særtrekk ved kommunen som kan bidra til at den uønska hendinga utvikler seg til det verre (naturforhold, befolkningssamansetting osv.)?</p>				



Kan den uønska hendinga medføre følgehendingar og sviikt i kritiske samfunnsfunksjonar og -tenester? Korleis vil langvarig(e) bortfall påverke andre kritiske samfunnsfunksjonar og -tenester?

Følgande kritiske samfunnsfunksjonar og tenester kan bli råka som følgje av hendinga:

Uønska hending	Kritiske samfunnsfunksjonar som kan bli råka											
	Forsyning av mat, Evne til å ta imot evakuerte	Forsyning av energi	Forsyning av drivstoff	Elektronisk kommunikasjon og IKT	Drikkevann og avløps handtering	Framkomst og transport	Oppfølging av særleg sårbar grupper	Nødvendige helse- og omsorgstenester	Sosialtenester	Nød- og redningsteneste	Styringsevne og kriseleiling	Krisekommunikasjon
18. Pågåande livstruande vald (PLIVO)							X	X	X	X	X	X
	Liten	Moderat	I Stor grad									

Konsekvensane av ein skuleskyting avhenger av ein rekke tilhøve som politiet si innsatstid, fysisk utforming av skulen (rømmingsmoglegheita, varslingsystem), beredskapstiltak i skulen, kor lang tid det tar før gjerningspersonen blir tatt, kapasiteten til gjerningspersonen, skothald etc. Den første og mest openbare konsekvensen er at hendinga kan føre til store tap av menneskeliv og skade på dei som er involverte. Fleire elevar og lærarar vil kunne utvikle traume/ posttraumatisk stress-syndrom som vil krevje langvarig oppfølging. Kommunale helse- og omsorgstenester vil få ein krevjande oppgåve med å handtere fysisk og psykisk skade. Hendinga vil utfordre naud- og redningstenesta, og politiet vil ha omfattande oppgåver for å handtere hendinga under og etter hendinga. Kommunen må truleg omdirigere personell og økonomiske midlar frå andre område for å dekke behovet for å handtere skuleskytinga. Omfordeling av ressursar og personell til å handtere denne hendinga, kan føre til sviikt/utfordringar på andre område.

Korleis vil den uønska hendinga påverke kommunen si styrings- og krisehandteringsevne? Medfører hendinga behov for evakuering? Vil det vere behov for å varsle befolkninga straks?

Kommunen vil ha ansvaret for å sørge for at kritiske samfunnsfunksjonar og -tenester, som helsetenester, transport og kommunikasjonar, fungerer så normalt som mogleg under og etter skuleskytinga. Det vil vere eit akutt behov for å sikre tryggleiken til elevar og tilsette ved skulen, samt å handtere eventuelle skadar og vidare påkjenningar på elevar og tilsette.

Hendinga vil føre til større utfordringar for kommunen si kriseleiling. Det vil bli eit stort informasjonsbehov frå pårørande, media og eigne tilsette. Kommunen vil samarbeide med naudetatane og andre relevante aktørar for å gje oppdatert og påliteleg informasjon til befolkninga og media om situasjonen.

Kommunen vil måtte sette inn kommunal kriseleiling (KKL). Ansvar for å leie eventuell evakuering ligg hjå politiet, medan kommunen har det formelle ansvaret for å etablere og drive eit mottakssenter/evakuerings- og pårørandesenter (EPS) i samarbeid med politiet. Kommunen må forhalde seg til en langvarig krise som kan krevje auka oppfølging og etterarbeid. I etterkant av hendinga vil det også vera eit behov for å skaffe alternative skulelokale til elevane.

Samla vurdering av sårbarheit: Sveio kommune er ikkje meir sårbar mot skuleskytingshendingar enn andre kommunar i Noreg. Sannsynet for skuleskyting i kommunen er lågt.

SANNSYNSVURDERING	S1	S2	S3	S4	S5	Grunngeving
Sannsyn for hendinga:	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Ei hending sjeldnare enn kvart 100. år men oftare enn kvart 1000. år

Samla vurdering av sannsyn: Det er vurdert som lite sannsynleg med skuleskyting i Sveio kommune, men det er samstundes mogleg. (S2). Frå nasjonalt risikobilete 2019: «Gjerningsmennene bak skuleskyting er ofte alvorleg nedstemte, frustrerte, sinte og psykisk ustabile. Dei knyt problema sine til skulen dei går på, og motiva er eit kombinert ønske om hemn, merksemda og sjølv mord. Det er ikkje utenkeleg at ungdomar i Noreg både kan ha sjølv mordstankar og føle eit intens hat mot skulen. Det finst samstundes òg førebbyggande tiltak mot skuleskyting i Noreg, som systematisk jobbing i skulane med inkludering og eit godt læringsmiljø. Det er eit lågt valdsnivå blant ungdom og ein streng våpenlov og -kultur i Noreg».

Føresetnadene er altså til stades for at skuleskyting kan inntreffe òg i Noreg.



KONSEKVENSVURDERING							
Samfunnsverdi	Konsekvens					Risiko	Grunngjevnad
	K1	K2	K3	K4	K5		
Liv og helse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>		Over 5 døde eller over 10 alvorleg skadde. Fleire elvar utviklar traume/posttraumatisk stress-syndrom.
Stabilitet	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>		Stort tap av stabilitet > 4 dagar varigheit.
Natur og miljø	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		Ikkje relevant.
Materielle verdiar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		Skuleskyting kan føre til større økonomiske konsekvensar. Skade på skulebygning og oppfølging av involverte personar.

Samla vurdering av konsekvens:

Konsekvensane av ein skuleskyting avheng av ei rekke tilhøve som politiet si innsattid, fysisk utforming av skulen (rømmingsmoglegheita, varslingssystem), beredskapstiltak i skulen, kor lang tid det tar før gjerningspersonen blir tatt, kapasiteten til gjerningspersonen, skothald etc. I verste tilfelle kan over 5 personar døye og ein får fleire alvorleg skadde (K5). Fleire elevar og lærarar vil utvikle traume/ posttraumatisk stress-syndrom som vil krevje langvarig oppfølging. Kommunale helse- og omsorgstenester vil få ein krevjande oppgåve med å handtere fysisk og psykisk skada. Hendinga fører til stort press på kommunen si kriseleing frå pårørande, media og egne tilsette.

USIKKERHEIT	Låg	Middels	Høg	Grunngjeving
Vurdering av usikkerheit:	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Analysen er i hovudsak basert på informasjon i Analyser av krise scenario (DSB,2019), overordna ROS frå Sveio 2013 og overordna ROS for Oslo og Viken. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt.

STYRBARHEIT	Låg	Middels	Høg	Grunngjeving
Vurdering av styrbarheit:	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Kommunen kan redusere konsekvens ved god beredskap. Kommunen kan og vere pådrivar for sikkerheit overfor vegeigar.
OVERFØRBARHEIT	Ja	Nei		Grunngjeving
Vurdering av overførbarheit:	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		Analysen er til en viss grad overførbar til liknande hendingar retta mot kommunale instustisjonar og bygg, samt skyting ved større arrangement og på arbeidsplassar.

MOGELEGE TILTAK	
Beredskap	<ul style="list-style-type: none"> • Det er etablert ein felles nasjonal prosedyre som regulerer handlingsmønsteret for politi, brann og helse i å handtere denne form for hendingar. Prosedyren vert øva på årleg. • Publikumstretta bygg og verksemder som til dømes skule, barnehage og idrettsanlegg, NAV og legesenter, bør ha beredskapsplan for plivo-hendingar. • Sikre eit godt og trygt læringsmiljø i skulen. • Ta omsyn til denne type hending ved utforming av større publikumsretta bygg.